



Klart for ilandstigning i Uskedalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

### Sjetteklassingane ved Uskedalen skule kan no kalla seg ”baron-roarar”.

Dei tilbakela strekninga frå Rosendal til Uskedalen med mannskapsskifte på Ljosnes på tre timar og tre kvarter måndag førmiddag og det heilt utan at dei tok seg ut eller opplevde nokon form for krise undervegs. Riktignok synte nokre av elevane uskedalen.no diverse blemmar, men det var ingen sure miner av den grunn.

Det var ikkje vind frå nokon kant. Turen gjekk med andre ord smertefritt og elevane har følt på kroppen korleis det var å ta seg fram i tidlegare tider, då fjorden og havet var den viktigaste ferdselsåra. Og dei har kjent korleis det var å vera både baron og hans undersåttar. Utan at vi på nokon måte skal insinuera at dei var i baronen og baronessa si rolle, er det neppe tvil om at rektor Vidar Haugland og lærar Elisabet Amundsen rodde minst! Alle 18 elevane i klassen gjorde ein god roinnsats under ferda – det var ingen som sluntra unna.

No ligg vengjebåten vel forankra i båthamna og skal gjere teneste uner vatnsportdagen fredag. Då han kom var det både tyske og italienske turistar til stades og let seg imponera av den elegante farkosten.

Av Ola Matti Mathisen



Eksklusivt i båthamna måndag: Ein baronbåt sig inn ved sida av ei Colin Archer-skøyte! (Foto: Ola Matti Mathisen)